



Merete Turøy Åsebø
Åsebøvegen 142
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1804 - 14/6785

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjoerge@meland.kommune.no

Dato:
06.05.2014

Godkjenning fritak gjødselplan gbnr 46/2

Administrativt vedtak. Saknr: 117/2014

Saksutgreiing:

Merete Turøy Åsebø har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 46, bnr. 2. Drifta er 18 vinterfora sauer. Det er 15 daa fulldyrka, 15 daa overflatedyrka og 15 daa innmarksbeite på bruket. Husdyrgjødsel vert nytta på alt slåtteearealet og fullgjødsel vert nytta mest på beita.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Totalt areal	Kg pr. daa			
800	18-3-15	45	17,8	3	0,5	2,5
16 000	sauemøk	30	500 kg/daa	1	1	2,5
Sum				4	1,5	5

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen og har 50 % av norm når det gjeldt fosfor- og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (1,5 etter frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år. Det er viktig at den omdanna sauetallen vert spreidd som husdyrgjødsel på slåtteeareala, slik at ein ikkje får avrenning av næringsstoff frå areala.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.05.2019 for gnr. 46, bnr. 2, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Mottakere:

Merete Turøy Åsebø

Åsebøvegen 142 5917

ROSSLAND